



MOTTATT

11 MAI 2012

## Statens vegvesen

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Behandlende enhet:  
Vegdirektoratet

Saksbehandler/innvalgsnr:  
Ylva Christiansen Sundt - 22073756

Vår referanse:  
2012/018837-002

Deres referanse:  
11/991

Vår dato:  
07.05.2012

U

### **Høyringsvar – Endringar i lov av 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova)**

Vegdirektoratet viser til Samferdselsdepartementets høyringsbrev om endringar i yrkestransportlova datert 09.02.2012. Brevet inneheld seks delar. Vegdirektoratet vil kommentere kvar av desse delane for seg.

#### **Del I**

#### **Forslag om utvida grunnlag for vandelsvurdering og tiltak for effektivisering av løyvestyresmaktene si forvaltning og kontroll av løyveordningane.**

Vegdirektoratet ser positivt på at ein i lys av drosjejukssaka også ynskjer at administrative sanksjonar i høve til skatt- og avgift skal kunne leggjas vekt på ved tildeling og tilbakekalling av løyve. Eit slikt tiltak vil ha både ein allmennpreventiv og ein individualpreventiv effekt, og vil medverke til ein heilskapleg vandelskontroll.

Personvern står sentralt når opplysningar som gjeld skatt- og avgiftsforhold blir drøfta. Det er ikkje alle opplysningar som har relevans i vurderinga av om løyve bør gjevast ut. Då det fyrst og fremst er negative merknader i høve til utøving av næringsverksemd som her har verdi, bør det berre vere desse opplysningane som kan og skal bringast inn. Tilleggsskatt som ikkje har samband med søkjar si funksjon som løyvehavar bør ikkje ha innverknad på løyvevurderinga. Samferdselsstyresmaktane bør saman med løyvestyresmaktane inngå eit samarbeid med likningsstyresmaktane for å avgjere kor grensa for dei gitte opplysningane skal gå.

Løyvesøkjar har i dag ansvar for å hente inn sin eigen politiattest i samband med løyvesøknaden. Etter Vegdirektoratet sitt syn bør det og vurderast om dette skal gjelde ved innsamling av opplysningar om administrative sanksjonar. Desse opplysningane vil vere ein del av den same løyvesøknaden, og den same vandelsvurderinga. Vegdirektoratet kan difor ikkje sjå kvifor løyvesøkjar ikkje og kan gje opplysningar om sine administrative sanksjonar i samband med søknaden. Det er ikkje ynskjeleg å gje løyvestyresmaktane eller skatt- og avgiftsstyresmaktane mykje meir arbeid som ein følgje av ein slik regelending.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Vegdirektoratet  
Postboks 8142 Dep  
0033 Oslo

Telefon: 02030  
Telefaks: 22 07 37 68  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Brynsengfaret 6A  
0667 OSLO

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Som det kjem fram av høyringsbrevet skal skriftleg førespurnad frå løyvestyresmaktane utløyse unntak i skatte- og avgiftsstyresmaktane si teieplikt. Vegdirektoratet saknar ein klargjering av når det er naudsynt å sende ein slik førespurnad. Dette bør klargjerast i til dømes eit rundskriv.

Ein skriftleg førespurnad kan komme både i brev og i e-post. Det blir utgjeve eit stort tall løyver i Noreg kvart år. Det kan difor vere naudsynt med eit eiga elektronisk system for å behandle slike førespurnader direkte mellom dei aktuelle etatar.

I høve til moglegheita skatte- og avgiftsstyresmaktane ynskjust gitt i § 26 b ynskjer vi å vite om dette er diskutert med dei aktuelle styresmaktar, eller om det i verkelegheita vil dreie seg om ein sovande regel jf. «kan». I dag kan skatte- og avgiftsstyresmaktane melde frå om forhold som kan tilseie tilbakekall av løyve. Denne moglegheita blir i røynda ikkje utnytta. Av denne grunn bør det vere ein plikt og ikkje berre ein rett for skatte- og avgiftsstyresmaktane til å gje ut slike opplysningar om tilleggsatt eller tilleggsavgift etter § 26 a og § 26 b første ledd.

Vandelsvurderinga er skjønnsmessig, og opp til løyvestyresmaktane å avgjere. I høve til gjeldande regelverk om vandel kan ein sjå ein ulik praktisering blant løyvestyresmaktane. Vegdirektoratet meiner det er behov for at fylkeskommunane som er løyveansvarlege for nasjonale løyver får klare retningslinjer med tanke på si vurdering av slike administrative sanksjonar. Det er ikkje ynskjeleg med ei uttømmende liste. Administrative sanksjonar og strafferettslege sanksjonar skil seg frå kvarandre. Vegdirektoratet meiner at å basere seg berre på dei same moment som dagen si vandelsvurdering (art, grad, tid osv.) ikkje vil vere nok. Sjølv om det er ei konkret vurdering som skal gjerast, bør vurderinga av omsyn til likebehandling av løyvesøklarane til ein viss grad samsvare og før løyvestyresmaktane har opparbeida seg praksis. Av den grunn blir det viktig å gje klare føringar ved endringar i regelverket og kor praksis skal leggje seg.

## **Del II**

### **Innføring av krav til vandel og økonomi for godkjenning av drosjesentral.**

Vegdirektoratet har ikkje nokon merknader til krava ein set til drosjesentralar.

## **Del III**

### **Behov for endringar i yrkestransportlova § 26 i samband med ny politiregisterlov.**

Eit krav om ordinær politiattest i yrkestransportlova § 26 vil i stor grad samsvare med gjeldande rett. Ei slik endring sjåast likevel som naudsynt for å få eit einsarta regelverk ved innføringa av den nye politiregisterlova.

Vegdirektoratet meiner det fortsatt bør vere mogleg å krevje fornya politiattest kvart femte år ved alle løyvetypar, og synes difor det er uheldig at politiregisterlova ikkje utan unntak set eit slikt krav. Å gjere ein fornya vandelskontroll vil føre til meirarbeid for løyvestyresmaktane. Ved å avgrense opplysningane om tilleggsatt og tilleggsavgift til dei tre siste åra, er det to år av vandelsvurderinga kor ein ikkje har informasjon om administrative sanksjonar. Vurderingane av straff og administrative sanksjonar bør og her samsvare.

Når det gjeld ordlyden i § 29 meiner Vegdirektoratet at ein ikkje bør bruke ordet «vedkommande». Vegdirektoratet synest dessutan at ein bør setje saman det som står om krav etter forskrifter og vilkår, og det som står om innretting etter forskrifter og vilkår i § 29.

#### **Del IV**

##### **Endring av yrkestransportlova § 38.**

Kontroll langs veg i høve til yrkestransportlova § 38 blir i dag utført av både politiet og Statens vegvesen. Vegdirektoratet kan ikkje sjå at kontroll som blir gjort av andre offentlege tenestemenn bør integrerast i annan kontroll langs veg.

Forslaga i høyringsbrevet gjeld for alle løyvetypar. Bakgrunnen for dei fleste forslaga har likevel vore at ein ynskjer auka kontroll av drosjeløyve. Vegdirektoratet meiner at ein kontroll frå andre offentlege tenestemenn må avgrense seg til kontroll av drosjer og drosjesentralar. Slike tenestemenn bør ikkje kunne kontrollere og dei andre løyvetypane, då slik kontroll ofte må gjerast på veg og kan vere meir samansett. Ein slik føresetnad bør og kome tydeleg fram i ein eventuell lov- og forskriftsheimel.

Politiet og kontrollørar frå Statens vegvesens har målretta opplæring og praksis i samband med utøving av kontrollar langs veg. Våre kontrollørar skal ha vore gjennom både praktisk opplæring og teoretisk undervisning innan køyretøy og kontroll. Vegdirektoratet viser til at det er svært viktig at dei tilsette innan løyvestyresmakta innehar tilsvarende kontrollkompetanse. Med fleire styresmakter for kontroll av same regelverk, er det dessutan ein risiko for at prinsippet om likebehandling blir utfordrande å ivareta.

Vegdirektoratet er forutan dette positive til at kontrollar kan bli utført av andre offentlege tenestemenn. Særleg da målet er at slik auka kontroll vil få ein preventiv effekt på drosjenæringa. Ein slik kontroll må sjølvsagt skje under føresetnad av at drosjesentralar oppsøkjast etter at ein har gått gjennom tilstrekkeleg opplæring, og etter at klare retningslinjer for kontroll er gjevne.

#### **Del V**

##### **Unntak frå kravet om løyve for transport i regi av frivilligsentralar.**

Vegdirektoratet er einige i at frivilligsentralar med statstilskot skal kunne sleppe løyveplikt på gjevne vilkår. I utgangspunktet bør dette og gjelde liknande samanslutningar utan statstilskot. Vi følgjer Samferdselsdepartementets resonnement om at desse ikkje er bunde av retningslinjer for betaling, og at den reelle betalinga difor vanskeleg kan følgjast opp.


Ein køyresetel er ein stadfesting av at førar oppfyller særskilde krav til vandel og helse. Desse krava gjeld altså ikkje sjølve føretaket. Ein slik stadfesting bør av sikkerheitsårsakar og krevjast av frivillige sjåførar, sjølv om transporten ikkje er løyvepliktig.

#### **Del VI**

##### **Lemping i køyreplikta for drosje.**

Vegdirektoratet er einig i at det ikkje bør vere ei køyreplikt heile døgnet i små geografisk avgrensa område kor løyvehavar har bustadløyve. At drosjer er tilgjengelege kan på den andre sida og vere viktig av omsyn til sjuketransport og liknande. Slike omsyn må takast med i ei vurdering av om det bør lempast på slike krav.

Trafikant- og kjøretøyavdelingen  
Med hilsen



Bodil Rønning Dreyer  
direktør



Jon Molnes